

Oversikt over tilsynssaker i Helse Vest perioden 30.04.2013-01.08.13

Statens helsetilsyn og Fylkesmenn: Oversikt over status i tilsynssaker i perioden som er gjennomførte, eller som ikkje er avslutta

Systemrevisjonar

Helseføretak	Område og tema for tilsynet	Dato for tilsynsrapport	Har rapporten dokumentert avvik?	Frist for lukking av avvik	Status i saka	Sak avslutta dato
Helse Vest RHF	Brevtilsyn med rett til nødvendig helsehjelp innan BUP	Brev av 30.08.11	Det ligg ikkje føre rapport.		Helse Vest og Helsetilsynet har kommunisert i saka i form av brev og møte sidan 2011. Saka handlar ventetider og fristbrot i barne- og ungdomspsykiatrien. Fylkesmannen i Hordaland har i brev av 13.02.2013 informert Helse Vest RHF om det vil bli gjennomført eit landsomfattande tilsyn med psykisk helsevern til barn og unge. Fylkesmannen vil vurdere om tilsynet med Helse Vest kan avsluttast etter at det landsomfattande tilsynet er gjennomført.	
Helse Vest RHF	"Sørgje for-ansvaret" - Tilsynsmessig oppfølging av operasjonskapasiteten ved Haukeland Universitetssjukehus, Helse Bergen HF	Brev av 07.09.2012	Det ligg ikkje føre rapport.		Med bakgrunn i oppslag i media, og med erfaring frå tidlegare tilsyn, opplyser Fylkeslegen at dei er orientert om at operasjonskapasiteten er knapp både når det gjeld operasjonsstover og operasjonssjukepleiarar. Fylkeslegen meiner Helse Vest RHF må bidra saman med Helse Bergen på ein slik måte at innbyggjarane får eit nødvendig og forsvarleg tilbod innan både ortopedi og annan kirurgi. Svarfrist 01.10.2012. Helse Vest har svart Fylkesmannen i brev av 28.09.2012. I brev av 25.10.12 ber Fylkesmannen Helse Vest RHF om meir utfyllande opplysingar om kor mange pasientar som må vente lengre enn ønskeleg, og kor lenge dei må vente på behandling. I tillegg ber Fylkesmannen om å bli informert dersom behandlingsfristar ikkje kan haldast og kva for pasientar dette eventuelt gjeld. Helse Vest har svart Fylkesmannen i brev av 26.11.2012. I brev av 25.02.2013 ber Fylkesmannen i Hordaland om oppdaterte opplysningar og vurdering av operasjonskapasiteten ved Haukeland sjukehus. Helse Vest har i brev av 28.02.2013 bede Helse Bergen gje informasjon som visar verknad av aktuelle tiltak og vurdering av situasjonen per 01.04.2013, innan 08.04.2013. Helse Vest RHF har 15.04.2013 sendt brev til Fylkesmannen i Hordaland, med oppdaterte opplysningar og vurdering av operasjonskapasiteten ved HUS per 1. april 2013.	

Helseføretak	Område og tema for tilsynet	Dato for tilsynsrapport	Har rapporten dokumentert avvik?	Frist for lukking av avvik	Status i saka	Sak avslutta dato
Helse Stavanger HF	Oppfølging av bekymringsmelding frå ansatte i Akuttmottaket.	21.02.2013	Ja.		<p>Fylkesmannen ga ved brev datert 19.12.2012 melding om stedlig tilsyn ved akuttmottaket. Tilsynet blei gjennomført den 4. og 6. februar 2013. I tilsynsrapporten av 21.02.13 konkluderer Fylkesmannen at det er mangler ved fleire element i styringssystemet, jf. forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten § 4 d, f, g og h. Samla utgjør dette så stor risiko for svikt at fylkesmannen meiner pasientsikkerheita ikkje er godt nok teken i vare, jf. Lov om spesialisthelseteneste m.m. § 2-2. Føretaket har frist til 10.03.2013 for å melde tilbake korleis verksemda skal følgje opp tilsynet.</p> <p>Føretaket svarte Fylkesmannen i brev dagsett 07.03.2013, og informerte om korleis føretaket vil følgje opp tilsynsrapporten. Fylkesmannen ba deretter i brev dagsett 12.03.2013 om ytterlegare opplysningar i forhold til dette innan 10.04.2013. Ytterlegare opplysningar med nærare orientering om tiltak er sendt Fylkesmannen 09.04.2013.</p> <p>Helse Stavanger har motteke brev frå Fylkesmannen dagsett 03.05.2013. Fylkesmannen har merka seg at det er sett i gang eit omfattande arbeid ved sjukehuset for å rette oppdei forholda ved Akuttmottaket som er peika på i rapporten. Fylkesmannen avventar ytterlegare informasjon om resultatet av arbeidet innan 01.06.2013, slik Helse Stavanger har varsla. Tilsynet blei lukka ved brev fra Fylkesmannen datert 21.06.2013. Fykesmannens vurdering er at "SUS har tatt nødvendige grep for å rette opp forholdene og nå har tilstrekkelig styring med pasientbehandlingen ved avdelingen.</p>	21.06.2013
Helse Førde	Mangel på ambulansegarasje i Sogndal, slik at bilane vert utsette for frost.	Sak frå juni-12. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er oppnemnt som settetilsyn.			Har sendt svar til Fylkesmannen den 17.07.12. Ventar på tilbakemelding.	
Helse Førde HF	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Tilsyn med Helse Førde HF, Nordfjord BUP poliklinikk	03.05.2013	Det er påpeika eit avvik frå krav i helselovgivinga	Frist for plan for å lukke avvik er sett til 1. juni 2013	Avviket er lukka	18.06.2013
Helse Førde	Ambulansetenesta i Aurland. Gjeld bemanning.	08.10.2012		Ny risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) rundt 01.06.13.	<p>Fylkesmannen ba om ROS-analyse i oktober 2012. Ut frå denne ba dei om oversikt over samstundeskonflikter i Indre Sogn. Dette er sendt. Fylkesmannen ønskjer i brev av 19.11.12 å følgje med på korleis Helse Førde sikrar ei forsvarleg ambulanseteneste, og har bede om ny orientering i saka innan 01.06.2013. Helse Førde sendte 24.05.13, på førespurnad frå Fylkesmannen, ny statusoppdatering og vidare plan i saka</p> <p>Ventar tilbakemelding frå Fylkesmannen</p>	

Helseføretak	Område og tema for tilsynet	Dato for tilsynsrapport	Har rapporten dokumentert avvik?	Frist for lukking av avvik	Status i saka	Sak avslutta dato
Helse Fonna HF	Klinikk for psykisk helsevern, barne og ungdomspsykiatrien BUP Stord. Tilsynet oppretta sak 25.03.2011 for å sikre at tenestene i barne- og ungdomspsykiatrien er forsvarlege, og at barn og unge får behandling innan dei individuelt fastsette tidsfristane.	Brev frå Helsetilsynet 25.03.11	Tilsynet har avdekket for lang ventetid for prioriterte pasientar og fristbrot ved BUP.	01.04.2014	Utstrekt korrespondanse og kontakt mellom Helsetilsynet og Helse Fonna. Fleire tiltak er sette i verk. Helse Fonna rapporterer månadleg til fylkesmannen på ventetider og fristbrot. Det blei gjennomført tilsyn ved BUP Stord/Kvinnherad 10.-12 april 2013 i samband med det landsomfattande tilsynet innan BUP. Det blei her avdekt 2 avvik. Rapport og tiltaksplan for lukking desse er sendt Fylkesmannen 10.06.13. På grunnlag av den tida som tilsynet med ventetider og fristbrot har pågått har Fylkesmannen i brev av 3.7.13 sendt saka til Statens helsetilsyn for avklaring av vidare oppfølging	
Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus	Tilsynssak pliktbrudd, Fylkesmannen i Rogaland	10.04.2013	Brudd på helsepersonelloven § 10 og brudd på forskrift om internkontroll	01.08.2013	I brev av 27.07.2012 ber tilsynsmyndigheita om å få ei ny oversikt over ventelistesituasjonen etter at alle legestillingane har starta opp, før tilsynet blir avslutta. Fristen er sett til utgangen av juni 2013.	
Helse Bergen HF	Fylkesmannen i Hordaland: Tilsyn med Helse Bergen HF, Psykiatrisk divisjon, BUP, Avdeling poliklinikkar: Ytrebygda, Os og Samnanger	24.-26.04.2013	Det er påpeika eit avvik frå krav i helselovgivinga	Frist for plan for å lukke avvik er sett til 1. juni 2013	Helse Bergen har i brev av 28.06.2013 oversendt plan for tiltak/endringer som vil bli iverksatt fra ultimo august 2013.	
Helse Bergen HF	Tilsyn med styringssystemet ved Kvinneklinikken, jf. Forskrift om internkontroll i sosial og helsetenesta § 4.	16.04.2013 med oppfølging i korrigerert rapport dagsett 25.04.2013	Det er peika på 5 avvik: 1. Manglande medverknad frå fødande 2. Erfaringar og synspunkt frå tilsette blir ikkje i tilstrekkeleg grad teke omsyn til 3. Faglege retningslinjer blir ikkje alltid følgt 4. Svikt i enkeltsaker blir ikkje tilstrekkeleg følgt opp 5. Leiinga nyttar ikkje styringsdata i tilstrekkeleg grad for å ivareta pasienttryggleiken	Frist for tilbakemelding om plan for tiltak for å rette avvik er sett til 16.05.2013	KK har sendt svar til Helsetilsynet, datert 15.05.2013, med plan for oppretting av avvik. Fylkesmannen vil i første omgang be om å bli oppdatert om status i arbeidet innan utgangen av 2013	
Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus	Tilsyn med prioritering av søknadar og oppfølging av pasientar etter igangsett behandling i august 2011	29.09.11 (utkast til rapport)	Eitt avvik: HSR sikrar ikkje at alle revmatologiske pasientar ved HRS får forsvarleg kontroll og oppfølging ved poliklinikken.		I brev av 27.07.2012 ber tilsynsmyndigheita om å få ei ny oversikt over ventelistesituasjonen etter at alle legestillingane har starta opp, før tilsynet blir avslutta. Fristen er sett til utgangen av juni 2013. I tillegg ber Fylkesmannen om ytterlegare informasjon om korleis pasientane blir sikra eit forsvarleg tilbod i ventetida, med frist 01.10.2012. Revmatismesjukehuset svarte Fylkesmannen i brev av 01.10.12. I brev av 19.10.12 svarar Fylkesmannen at sjukehuset har fulgt opp tilsynet på ein god måte. Samstundes ønskjer Fylkesmannen fortsatt ei oversikt over ventelistesituasjonen innan juni 2013, før tilsynet blir avslutta.	